



## Notat

Dato: 07.07.2015  
Arkivsak: 2014/21469-5  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:** Per Nordmark

---

**Frå:** Gunhild Raddum

---

### Høyring av arealdel til kommuneplan for Fusa - frist 20. aug.

Kommuneplanen legg opp til spreidd busetting fordelt på 18 område . På dei fleste av desse områda er det lagt opp til færre enn 5 bueiningar. Ulempa med ein slik arealutvikling er at dette kan medføre eit transportbehov som kunne vore unngått om busettinga var meir konsentrert og lagt nærare sentrale målpunkt som skole, butikk ol. Med tanke på kollektivtransport er det meir ressurskrevjande å betene eit område med spreidd busetting enn når busettinga er meir konsentrert kring kollektivaksar og haldeplasser.

Sjølv om ein del av utbyggingsområda har ein akseptabel avstand til næraste skole, kan skolevegen vere rekna som farleg og utløyse rett til skoleskyss anten med buss, drosje eller privatskyss. Kommunen vil vere ansvarleg for skyss dersom avstanden er under 2 km (1. klasse) eller 4 km (2. -10. klasse).